

# Gjenklangfestivalen - autoetnografiske historier om ein musikkterapifestival

(F/E) Presentasjon av forsking, basert på erfaringskompetanse

13.45-14.10, Spor 2

## Foredragshaldarar

Lars Tuastad, Griegakademiet, Universitetet i Bergen, [lars.tuastad@uib.no](mailto:lars.tuastad@uib.no)

Bjarte Johansen, [bjartejohansen4@hotmail.com](mailto:bjartejohansen4@hotmail.com)

Øystein Lydvo, [olyd@helse-bergen.no](mailto:olyd@helse-bergen.no)

## Samandrag

Innleiing: Gjenklang er ei nyopprettet foreining som jobbar for artistar med tilknyting til musikkterapi i psykisk helsefeltet, rus- og kriminalomsorga. Gjenklangfestivalen har gradvis gått frå å vere ein musikkterapifestival organisert og finansiert av Bjørgvin DPS, til å bli eit spleiseland med økonomisk støtte frå aktørar innan kriminalomsorga og psykisk helse- og rusfeltet i Bergensområdet.

Frå 2020 har Gjenklang årleg arrangert tre dagars festival på Hulen.

Ved hjelp av autoetnografi som metode ynskjer vi å sette Gjenklangfestivalen inn i ei breiare musikkterapeutisk kontekst og forstå det som eit kulturelt fenomen.

Metode: Autoetnografi vert beskrive som det som kjem fram når ein undersøker grensesnittet mellom forskaren sine eigne erfaringar og det miljøet hen møter (Alvesson & Sköldberg, 2008). Ei autoetnografisk tilhærrming anerkjenner forskaren sine eigne erfaringar som sentrale fordi dei kan gje auka innsikt i sosiale, politiske og kulturelle mønstre som ein har kjennskap til gjennom personlege erfaringar (Baarts, 2012). Vår bakgrunn, involvering og mangeårig kjennskap til Gjenklangfestivalen, gjer at vi er plassert midt i eit forskingsfelt vi har gode føresetnader for å forstå. Ein fare ved å være så tett på feltet er at ein kan bli felt-blinda og ei refleksiv innstilling vert dermed av avgjerande betydning.

Resultat og diskusjon: Historier frå Gjenklangfestivalen i 2023 dannar utgangspunkt for resultatdelen. Desse historiene vert diskutert og reflektert over ved hjelp av teori frå musikkterapi og sosiologisk teori om interaksjonsorden, interaksjonsritual og vektlegging av festival som konstituerande praksis.

Førebels forskingsspørsmål er: Kva er det som gjer at ein kjenner Gjenklangfestivalen att som Gjenklangfestivalen?

## Referansar

Alvesson, M. & Sköldberg, K. (2008). *Tolkning och reflektion : vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod* (2. uppl., p. 598). Studentlitteratur.

Baarts, C. (2012). Autoetnografi. I S. Brinkmann, L. Tanggaard & W. Hansen (Red.), *Kvalitative metoder: empiri og teoriutvikling* (p. 224). Gydendal akademisk.

Levang, L. E., Bye, T. A., Hirrich, A., Røkkum, N. H. A., Torp, T. U., & Tjora, A. (2017). Musikkfestivalens kollektive effervesens. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 58(1), 62–83. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-291X-2017-01-03>.